



Vestre Slidre kommune

FORSKRIFT OM VATN- OG AVLØPSGEBYRER i Vestre Slidre kommune

Vedteke av kommunestyret den 30.11.2023 i medhald av lov av 16. mars 2012 nr 12 om kommunale vass- og kloakkavgifter §3, og forskrift av 1. juni 2004 nr 931 om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta), del 4A, kapittel 16.

GENERELLE BESTEMMELSER

Kommunen sine abonnenter betaler for vatn- og avløpsstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter samt av lokale reglement, vedtak, regulativ og deklarasjoner. Dei viktigste dokumenta er lista opp nedanfor:

1. Lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
2. Forskrift av 1. juni 2004, nr. 931 om avgrensning av forureining (forureiningsforskriften).
3. Forskrift om vatn- og avløpsgebyrer i Vestre Slidre kommune (dette dokumentet).
4. Øvrige dokumenter:
 - Gebyrregulativ
 - Tilkoplingsreglement for kommunalt vatn- og avløpsnett.
 - Reglement for bruk av vassmålar i Vestre Slidre kommune.
 - Leveringsvilkår – Drikkevatt / Avløpsstenester.
 - Gjeldande Normalreglement for sanitæranlegg (Tekniske og administrative bestemmelser).

§ 1 FORMÅL

Forskrifta fastset grunnlaget for utrekning og innbetaling av de gebyra abonnentane skal betale for dei vatn- og avløpsstenestene som kommunen leverer.

§ 2 VERKEOMRÅDE

Forskrifta gjelder alle kommunen sine abonnentar, sjå definisjon i § 3.

§ 3 DEFINISJONAR

- *Abbonent:*
 - Eigar/festar/seksjonseigar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer og/eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er knytt til kommunal vatn- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning. Dette gjeld og festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei bygningane som er plasserte på tomte, og brukar festeretten slik det går fram av lov om tomtefeste.

For festeavtalar med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad), kan det vere avtalt at ein annan enn festar skal være abonnent.

- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av plan- og bygningslova
- § 27, har kravd at skal knytast kommunal vatn- og/eller avløpsleidning.

- **Abonnement:**
Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsyning- og/eller avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vatn- og avløpsanlegg til kommunen sitt vatn- og avløpsanlegg. Det er ikkje noko krav om at avtalen skal vere skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesleidning vert rekna som eit abonnement.
- **Abonnementsgebyr:**
Den faste delen av årsgebyret.
- **Bueining:**
Bustad/fritidsbustad med separat inngang og med eitt eller fleire rom der det inngår eige kjøkken og bad/wc.
- **Bruksareal (BRA) etter NS 3940:**
Forenkla kan ein seia at bruksareal omfattar:
 - Arealet innanfor bustadens ytre vegger og
 - del av fellesareal som høyrer til bustaden, men som ligg utanfor dei ytre veggane på bustaden.
For detaljer, sjå NS 3940.
- **Bruksendring:**
Med endring i bruken av eigedomen, meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.
- **Eingongsgebyr for tilknytning**
Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vatn- og/eller avløpstenester.
- **Forbruksgebyr:**
Den variable delen av årsgebyret som skal betalast etter forbruk.
- **Fritidsbustad/hytte:**
Fast eigedom med bygningar - regulert/godkjent til fritidsbustad/hytte.
- **Gebyrregulativet:**
Kommunens gjeldande prisoversikt for vatn- og avløpsgebyrer. Satsane i gebyrregulativet vert oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
- **Næringsverksemd:**
Ervervsmessig verksemd.
- **Offentleg verksemd:**
Verksemd som vert driven av stat, fylkeskommune eller kommune.
- **Privat stikkleidning/ felles privat stikkleidning:**
Privat leidning eller leidning eigd i fellesskap av abonnentar som vert knytt til det kommunale leidningsnettet via privat stikkleidning. Privat ansvar startar frå og med tilkoplingskummen til kommunal leidning.
- **Årsgebyr:**
Det samla årlege gebyret som skal betalast av abonnenten for kommunen sine

vatn- og/eller avløpstenester. Årsgebyret består av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

VATN- OG AVLØPSGEBYR

§ 4 GEBYRTYPAR

Følgjande gebyrtypar gjeld for vatn- og avløpstenester:

- Eingongsgebyr for tilknytning
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for avlesing av vassmålar (§ 6 og 7)
- Gebyr for mellombels tilknytning

§ 5 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING

Lov om kommunale vatn- og kloakkavgifter krev at det vert betalt eingongsgebyr for tilknytning til vatn- og/eller avløpstenester.

Heimelshavar/festar/seksjonseigar av bueining som vert knytt til kommunalt vatn- og/eller avløpsnett skal betale tilknytingsgebyr.

Dette gjeld:

- Nybygg, inkludert oppføring av nytt bygg på tidlegare bebygd eigedom.
- Eksisterande bygg som blir knytt til for fyrste gong eller som kommunen krev at skal knytast til.

Ved riving og oppføring av nytt bygg på eigedomen, skal det ikkje betalast nytt eingongsgebyr for tilknytning, så sant talet på bueiningar ikkje vert auka.

Hybelleilegheit i einebustad vert ikkje rekna som sjølvstendig bueining. I bygg med likeverdige bueiningar som t.d. «tomannsbustad» vert kvar bueining rekna for seg.

Anneks til hytte reknast her som å høyre saman med fritidsbustad når arealet på anneks er under 40 m².

Størrelsen av gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av *gebyrregulativet*.

Kommunen kan fastsette avvikande eingongsgebyr for tilknytning når tilknyttinga fører til ekstra høge/låge kostnader.

Det kan fastsetjast lægre tilknytingsgebyr for eigedomar, der det er betalt refusjon eller annan form for opparbeidingskostnader for vatn- og/eller avløpsanlegg som er utført etter planar godkjende av kommunen.

§ 6 ÅRSGEBYR

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som er tilknytt kommunalt vatn- og/eller avløpsanlegg, samt for eigedomar som er pålagt tilknytning i medhald av lov.

Årsgebyret for vatn- og avløpstenester skal betalast av alle abonnentar og inneheld to delar:

- Abonnementsgebyr

- Forbruksgebyr.

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigedomen er knytt til kommunalt leidningsnett.

Størrelsen av abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av *gebyrregulativet*.

ABONNEMENTSGEBYR

Abonnementsgebyret er eit fast beløp som blir kravd inn av kvar sjølvstendige bueining eller næringseining. Der fleire eigedomar har felles vassmål, skal det svarast abonnementsgebyr for kvar eigedom. Kommunen avgjer kva som skal reknast som sjølvstendig bueining eller næringseining på eigedomen.

Abonnementsgebyret skal dekke ein del av kommunen sine faste kostnader knytta til levering av vatn- og/eller avløpstenester.

Abonnementsgebyret kan differensierast etter brukarkategori (bustad, fritidsbustad og næring). Alle abonnentar i ein brukarkategori betaler eit like stort fast beløp (ref. gebyrregulativet)

FORBRUKSGEBYR

Forbruksgebyret er eit variabelt gebyr som vert rekna ut frå faktisk (målt) eller stipulert forbruk og pris pr. m³, og som skal dekke ein del av kommunen sine produksjonskostnader ved levering av vatn- og/eller avløpstenester.

Alle nye og eksisterande abonnentar hadde krav om å få installert vassmål innan utgangen av 2022. Abonnentar som likevel ikkje har installert vassmål på det tidspunktet, betaler etter stipulert forbruk. Stipulert forbruk skal bereknast ut frå bruksareal i samsvar med NS 3940 (med avrunding av arealet nedover til næraste 10 m²). Omrekningsfaktor for stipulert forbruk er satt til 1,0 m³/m² for bustader og 0,5 m³/m² for hytter/fritidsbustader.

For alle abonnentar vert avløpsmengde vanlegvis rekna lik vassmengde (sjå § 8 for eventuelle unntak).

7 BRUK AV VASSMÅLAR

Frå 1. januar 2023 skal alle abonnentar ha installert vassmål. Kommunen er eigar av vassmålaren om ikkje anna er avtala. Vassmålaren som tidlegare er kjøpt inn privat, forblir i privat eige til det tidspunkt den treng vedlikehald/utskifting. Kommunen bestemmer type, plassering og størrelse på målaren. Ansvarleg røyrleggjar hentar ut vassmålaren i kommunen og plikter å plombere vassmålaren etter montering. Målaren skal vere plassert på ein oversiktleg plass der han er lett å lese av og vedlikehalde.

Kostnader for installasjon, drift og avlesing av vassmålaren vert dekt av abonnenten.

Ved mistanke om feil avlesing eller feil på vassmålaren kan kommunen utføre kontroll av målaren. Dersom kontrollen viser feil avlesing av vassmålaren vil det medføre eit tilleggsgebyr. Ved avdekking av feil på målaren, kostar kommunen utskifting.

Abonnenten skal lese av vassmålaren til dei tidspunkta kommunen ber om, og sende data til kommunen innan fastsett frist.

Dersom vassmålar ikkje er installert innan fasett tidsfrist, eller abonnenten unnlèt å lese av målareren, vert forbruket stipulert. Kommunen kan be om tilgang til målareren for avlesing, og vil då kunne fakturere abonnenten etter medgått tid (ref. gebyrregulativet).

§ 8 AVVIK I ÅRSGEBYRET

Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp reknast ut etter målt eller stipulert avløpsmengde (utslepp).

For næringsverksemd og offentleg verksemd, der samansettinga av avløpsvatnet skil seg frå vanleg hushaldningsavløp og verkar anten fordyrande eller besparande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan det gjerast påslag eller frådrag i forbruksgebyret for avløp - basert på dei forventa ekstra utgiftene eller innsparingane.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp, gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra. Tilhøve som gir grunnlag for reduksjon av gebyra går fram av kommunen sine *Leveringsvilkår-Drikkevatt/Avløpstenester*.

§ 9 MELLOMBELS TILKNYTING

Med mellombels tilknytning meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller kunn skal brukast i ein avgrensa periode. Eit eksempel på slike anlegg er anleggsbrakker.

Det vert ikkje kravd eingongsgebyr for tilknytning for ikkje-permanente bygg, men dersom kommunen har hatt kostnader med tilknyttinga, kan kommunen krevje dekning av kostnader etter medgått tid og utlegg.

Eigar/festar av eigedommen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande regler.

Mellombels tilknytning gjeld for opp til eitt år, med høve til å søke om forlenging. Elles gjeld kommunen sine *Tekniske bestemmelser, jr. I. Generelle bestemmelser*.

§ 10 PÅLEGG OM UTBETRING

Kommunen kan gi abonnenten eit pålegg om å utbetre eigne avløpsanlegg innan ein gitt frist, jf. *forurensningsloven § 7*. Etter *forurensningsloven § 73* kan abonnenten måtte betale eit gebyr dersom tilhøvet ikkje er retta opp når fristen er ute. Dersom den ansvarlege likevel ikkje fylgjer pålegget kan kommunen sette i verk ytterlegare tiltak for nødvendig utbetring av avløpsanlegget, jf. *Forurensningsloven § 74*.

Kommunen kan oppfordre abonnenten å utbetre eigne drikkevassanlegg innan ein gitt frist for å kunne fastsette vassforbruket. Dersom tilhøvet ikkje er utbetra når fristen er ute, vert årsforbruket stipulert.

Tilsvarande kan kommunen pålegge utbetring av abonnenten sitt anlegg, dersom feilen påfører kommunen ekstra kostnader og/eller går ut over kapasitet, forsyningsevne og –sikkerheit for vassforsyning og avløp. I krisetilfelle kan kommunen halde privat vassleidning stengt fram til feilen er retta opp.

§ 11 INNBETALING AV GEBYRER

Abonnementen står ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for tilknytingsgebyr til abonnenten når søknad om sanitærabonnement er behandla. Eingongsgebyr for tilknytning forfell til betaling seinast ved tilknytning.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert kravd inn på felles faktura. Abonnementen kan sjølv velje om dette blir fordelt over 2, 4 eller 12 terminar pr. år.

Gebyr for mellombels tilknytning vert fakturert særskilt.

Avlesing av målt vassforbruk vert gjort minst ein gong pr. år, eller så ofte som kommunen krev. Forbruksgebyret vert betalt à konto fordelt over to, fire eller tolv terminar basert på fjorårets forbruk. Avrekning for året skjer vanlegvis på 1. termin (faktura) året etter.

Dersom abonnenten sitt vassforbruk har endra seg frå siste måleravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet.

Etter søknad kan kommunen gi fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigedom fysisk vert fråkopla kommunen sitt leidningsnett. I så fall stoppar abonnementet ved mottak av melding om at tilslutningspunktet er plombert. Ny tilknytning av eigedomen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning, men kostnader ved fråkopling og ny tilknytning må dekkast av abonnenten. Arbeidet skal utførast etter kommunen sine reglar.

Dersom fråkopling ikkje er godkjent av kommunen, skal abonnenten betale gebyr fram til fråkopling er godkjent.

Etter søknad kan kommunen også gi fritak for årsgebyret for ei bestemt periode, for eksempel når ein bustadeigedom blir ståande ubrukt over ½ år, utan at eigedomen fysisk er fråkopla kommunen sitt leidningsnett. Tidsbegrensa fritak kan ikkje gis med tilbakeverkande kraft. Bakkekran eller innvendig stoppekran kan plomberast av kommunen i fritaksperioden. Fritidsbustader/hytter/stølar kan ikkje fritakast for årsgebyr. Tidsbegrensa fritak vert ikkje gitt for lengre periodar enn 12 månader av gongen.

Endring av gebyr på grunn av endra bruk gis kunn etter vedtak om bruksendring etter plan- og bygningslova.

I. AVSLUTTANDE VILKÅR

§ 12 INNKREVIING AV GEBYR

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i egedommen etter "Lov om pant " § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane for innkreving av skatt.

§ 13 VEDTAKSMYNDE

Vedtak etter denne forskrifta vert fatta av kommunedirektøren.

§ 14 KLAGE

Avgjerd etter forskrifta er enkeltvedtak, og følgjer forvaltningslova kap. IV-VI - og kan påklagast. Klagen sender ein til den instansen som har fatta vedtaket.

Kommunestyret sine vedtak om storleik på gebyrsatsar i gebyrregulativet i samband med vedtak om årsbudsjett og økonomiplan er å sjå på som forskrift jf. forvaltningslova. Dette er ikkje einskildvedtak og kan difor ikkje påklagast.

§ 15 IKRAFTTREDELSE

Forskrifta trer i kraft 01.01.2024

Frå same tid vert forskrift 20.12.2018 nr. 2267 om vatn- og avløpsgebyrer, Vestre Slidre kommune, Oppland, oppheva.